

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
071/2015	Formannskapet i Radøy	PS	15.09.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1528	15/9782

Søknad om støtte til kunstgrasbane - Hordabø idrettspark

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Hordabø idrettslag søker Radøy kommune om 950.000 kroner til etablering av ei 11-ar kunstgrasbane i Hordabø idrettspark. Hordabø idrettspark, som Hordabø idrettslag eig, består av ei grusbane, ei grasbane, eit klubbhus med garderober og ein innandørs idrettshall. På dette anlegget har dei tilbod mellom anna innan aldersbestemt fotball, fotball for damer og herrer, basketball, treningsgrupper for damer og old boys og open hall for barnehageborn. Hallen vert i tillegg brukt til aktivitetar i pensjonistlaget. Hordabø idrettslag opplyser at kapasiteten i Hordabøhallen er sprengt kvar ettermiddag haust, vinter og vår, og meiner at ei krøllgrasbane vil gjera at fotballaga kan trena ute året rundt og dermed frigjera halltid til andre aktivitetar. Hordabø idrettslag planlegg også eit flomlysanlegg for å få eit meir tenleg annlegg.

Kunstgrasbane med lysanlegg på Hordabø idrettspark ligg på sjetteplass på Radøy kommune si prioriteringssiste for utbygging av idrettsanlegg.

Idrettslaget fekk i 2013 dispensasjon til å byggja ny kunstgrasbane. Seinare har dei fått prosjektert anlegget, utarbeida kostnadsoverslag og finansieringsplanar. Kostnadsoverslaget stipulerer totalprisen til 6.938.047 kroner. Av dette er 6.570.047 kostnader som gjev rett til tilskot (spelemidlar). Anlegget er tenkt finansiert gjennom spelemidlar, dugnadsinnsats, eigne midlar, gåvebrev, lån og diverse tilskot. For detaljar om kostnadsoverslag og finansieringsplan, sjå vedlagte kostnadsoverslag og finansieringsplan.

Radøy idrettsråd hadde søknaden til uttale i møte 22. september 2014. Idrettsrådet gjorde følgjande vedtak: «*Radøy idrettsråd støttar søknaden frå Hordabø idrettslag om støtte frå Radøy kommune til kunstgrasbane i Hordabø idrettspark.*»

Søknaden var oppe i Formannskapet i møte 14. oktober 2014, men vart då utsett. I samband budsjettførehavinga for 2015, sende kommunestyret saka over til rådmannen for vidare utgreiing. Utgreiinga skulle gjera greie for korleis kommunen kan bidra til å realisera nye kunstgrasbaner på Bø

og Manger, og skyteanlegget i Haukåsen.

Rådmannen kom med utgreiing i saksframlegg til formannskapet 16. april 2015 (030/2015) og kommunestyret 28. april (019/2015). På grunn av kommunen sin økonomiske situasjon er det ikkje aktuelt å gje tilskot over driftsbudsjettet. Eit eventuelt tilskot må dermed gjevast over investeringsbudsjetten. Rådmannen lanserte fire modellar for korleis kommunen kan støtta dei nemnde anlegga gjennom å føra driftsmidlar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen i investeringsrekneskapen. I dei tre første modellane går kommunen inn på eigarsida anten heilt, som sameigar eller som deleigar i eit selskap som eig anlegget. I den fjerde modellen går kommunen inn som leigetakar anten for heile eller delar av anlegget. Det er her ein føresetnad at leigeavtalen er reell ved at kommunen har eit behov for å leiga anlegget til den kommunale drifta.

Formannskapet og kommunestyret gjorde vedtak om at Radøy kommune ikkje skal gå inn som medeigar i anlegg for idrett, skyting eller liknande. I den grad der er naudsynt for kommunal drift, kan kommunen inngå leigeavtale med slike anlegg.

Vurdering

Det er ikkje rom for å gje tilskot til kunstgrasbana på Hordabø idrettspark over driftsbudsettet, og kommunestyret har tidlegare gjort vedtak om at kommunen ikkje skal gå inn på eigarsida på slike anlegg. Eit tilskot til kunstgrasbana på Hordabø idrettspark er såleis berre aktuelt å gje gjennom ein leigeavtale, slik som er gjort for anlegget i Grønålen. Ein slik leigeavtale skal vera reell, altså at kommunen har behov for å bruka anlegget i den kommunale drifta.

På Bø ligg skulane og barnehagane slik til at det ikkje er naturleg for dei å bruka anlegget i skuletida. Rådmannen si vurdering er difor at Radøy kommune pr i dag ikkje har behov for å bruka dette anlegget i kommunal drift. Radøy kommune kan difor ikkje inngå leigeavtale med Hordabø idrettslag for kunstgrasbana på Hordabø idrettspark.

Konklusjon

Radøy kommune går ikkje inn som medeigar i anlegg for idrett, skyting eller liknande. I den grad det er naudsynt for kommunal drift, kan kommunen inngå leigeavtale med slike anlegg. Radøy kommune har pr i dag ikkje behov for å leiga kunstgrasbana på Hordabø idrettspark til kommunal drift. Søknaden frå Hordabø idrettslag om kommunalt tilskot til kunstgrasbane på Hordabø idrettspark kan difor ikkje innvilgast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gjev avslag på søknaden frå Hordabø idrettslag om tilskot til bygging av kunstgrasbane på Hordabø idrettspark.

Formannskapet i Radøy - 071/2015

FS - handsaming:

Fungerande ordførar Ann Christin Hoen orienterte om saka. Formannskapet drøfta alternative måtar for kommunalt bidrag til at anlegget sluttfinansiering av anlegget. Rådmann Jarle Landås viste til leigeavtalen som kommunen har inngått med Manger idrettslag om kommunal bruk av idrettsanlegg i Grønålen, og meiner det er grunnlag for å inngå ein tilsvarande avtale med Hordabø IL om communal leige av anlegg, inkludert Hordabøhallen.

Frode Hervik (V) kom med følgjande framlegg i møtet:

1. Rådmannen vert beden om å gå i drøftingar med Hordabø IL om ein communal leigeavtale, og får fullmakt til å inngå avtale gjeldande frå 1.1. 2016.
2. Dersom drøftingar ikkje fører fram om ein leigeavtale, skal saka leggast fram på nytt.

Formannskapet vedtok samråystes Hervik sitt framlegg.

FS - vedtak:

Rådmannen vert beden om å gå i drøftingar med Hordabø IL om ein communal leigeavtale, og får fullmakt til å inngå avtale gjeldande frå 1.1. 2016.

Dersom drøftingar ikkje fører fram om ein leigeavtale, skal saka leggast fram på nytt.

Vedlegg:

Kunstgrasbane i Hordabø idrettspark - søknad om midlar

Kostnader

Kostandsoverslag

Uttale Radøy idrettsråd

Søknad om støtte til kunstgrasbane i Hordabø idrettspark

Uttale i sak vedk. tilskot til idrettsanlegg

Saksframlegg med vedtak - Tilskot til idrettsanlegg